



Advokat Mikkel Mundal

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/5 - 15/26068

Saksbehandlar:

Rune Kilen

Rune.Kilen@lindas.kommune.no

Dato:

07.08.2015

Svar frå vegavdelinga - avkjørsle 56/9 Hundvin

Viser til Dykkar epost av 5. juni, purring 14. juli og telefonsamtale 6. august.

Slik eg forstår det, har no Andreas Hundvin Gbnr 56/9 lov til å nytte gardsvegen over eigedomen til Tor Nesse, ihht dom i jordskifteretten. Men det tyder ikkje på at han utan vidare kan nytte eksisterande driftsavkjørsle på gbnr 56/12. Denne er ikkje utforma i høve til tekniske krav i veglova med tilhøyrande forskrifter.

På spørsmål om vi vil nytte sanksjonar mot denne bruken, har eg fylgjande kommentar:

I samband med byggjesak 15/2410 har Andreas Hundvin fått pålegg om å sende inn komplett søknad om løyve til tiltak innan 15. september 2015. I denne må alle sider ved eit nybygg handsamast - mellom anna avkjørsle med tilkomstveg. Og i denne samanheng vil det i sakshandsaminga for vegmynde vere naudsynt å setje dei tekniske krav til avkjørsla ut mot kommunal veg.

Når det gjeld den daglege bruken, har vi ikkje anna å gjere enn å følgje med utviklinga for bruken av avkjørsla. Skulle det bli ein markant auka bruk og fleire uønska hendingar for denne avkjørsla har vi ikkje andre sanksjonar enn å melde dette til politiet. I verste fall må vi stengje avkjørsla. Men dette er jo ein dårleg løysing for Tor Nesse.

Med helsing

Rune Kilen

saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakarar:
Advokat Mikkel Mundal